

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: N. Trondelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Drikk til maten og til

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan, Kvardags

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle og etter foreldra mine som er fødd og oppvaksne i Leksvik.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjolk

1. Det sikreste er kanskje å seia at bruken av mjolk er som før. Det blir sikkert produsert 2-3 gonger så mykje mjolk no som for 2-3 mannsaldrar sidan, men likevel fins det bønder som mest ikkje drikk mjolk.

2. Ikkje til vanleg. Men i sommarvarmen vart drücki røymjolk.

3. Det var vanleg at dei laga syre til vinterbruk av sommarmjolke. No er det heilt slutt med dette.

4. Øl.

Heimebygga øl vart nytta som kvardagsdrück til kaffen kom og tok plassen.

Kaffe

5. Første gong ein med visse veit det vart brückt kaffe her i Leksvik var ved eit konfirmasjonsselskap i 1830.

6. Kring 1870 var det vanleg med kaffe attåt morgonmaten. Men denne kaffen var som oftast så blanda med "tilsetning" at det mest var som grise-drikk å kalla.

7. Det vanlege er til morgon- og nours-maten. Men mange må også ha ein skvett til ettermiddags. Ja, somme skal og ha kaffe til kvelds. Til all tückka er kaffearasjonane så små at kaffen blir heller tynn.

8. Det vanlege er at ein mel kaffe, har denne med på kjelen og lar kaffen koka.

Sia fyller ein på ny kaffe og kokar på den gamle til kjelen er meir enn halv av grüt. Kjelen får ofte stå på komfyren heile dagen, så den eldste grüten er såvisst utkoka når han blir tönd av kjelen.

9. Det er mest bene når det er framande i huset det blir brükt bitsükker attåt. Ellest blir det ikkje brükt til dagleg.

10. Det er vanleg med fløyte i kaffen. Men det er nokre moderne anemmeske som drikk han svart for å halda seg slanke.

11. Det er ikkje vanleg med te til kvardags. Men sünne har slutta med grønt til kvelds og har te og smørebrød i staden.

Blingeber- jordber- og sylteber-blade har vorti brukt til te.

Brennevin.

12. Dei eldre fortel, at for vel 100 år sidan, da brennevinsbrenninga var fri, vart det så å seia brukt brennevin til kvardags. Når dei i kalde vintermorgonar skulle ut på langskogskjøring, var det vanleg med brennevin og potetkake til morgonmat.

Når det var tømingsarbeid vanka mykje brennevin.

Ei særskild form for slikt arbeid med brennevin i lange baner var storbåt- eller jektsetta for 100 år sidan. Teksveingane bygde da storbåtar eller små jekter (frå 10 til 24 famner ved) langt oppi bygda. Når så desse fartya skulle til sjøs, var heile grenda med med alt som heitte hestar.

Og da kjøyde det alltid ein føre med ei sünne brennevin på ein beinislede. Oftast fans ikkje skatten att på sünna når dei var komne ned til sjøen.

Nyare drykk.

13. Kjøpeøl, selters og bris blir ikkje brukt til kvardags.